

# KLAPPDANS

frå Østfold

M.M. ♩ 96-112 (K.S.)

Galopp: (S T Sh) (S T Sh) (S T Sh) (S T Sh) (S T Sh)

el. hamborgar: (S S Sh) (S S Sh) (S S Sh) (S S Sh) (S S Sh)

(S T Sh) (S T Sh) (S T Sh) *hels* K. K. K. *hels* K. K. K.

(S S Sh) (S S Sh) (S S Sh) (Klapp) (Klapp) (Klapp)

1. h. eigne v. eigne S S app. app. app.

2. hytting hytting

**OPPSTILLING** Parvis etter kvarandre i ring mot sola med det lette taket.

**TAK** For ledig hand: Alle har hoftefeste med tommelen framover. Samdanstak 1.

**STEG** Bytomfotsteg frå galopp (STS<sup>h</sup>) og galopp (STS<sup>h</sup>) eller bytomfotsteg frå hamborgar (SSS<sup>h</sup>) og hamborgar (SSS<sup>h</sup>).

Takt 1-8

## Framover langs ringen med vendingar - 8 bytomfotsteg

Guten tek til med V foten, jenta med H, og dei dansar 8 bytomfotsteg beint framover mot sola i ringen medan dei gjer vendingar, frå kvarandre og mot kvarandre.

Når dansen tek til, er dei vende litt mot kvarandre, og på siste trinnet i første steget vender dei litt frå kvarandre. På siste trinnet i andre steget vender dei litt mot kvarandre, på siste trinnet i tredje steget litt frå kvarandre, osv.

Takt 1-8

## Galopp/hamborgar rundt med sola - 8 steg

Guten tek til med fast appell på V foten, jenta tek til med H. Han svingar jenta over til seg, 1/4 gong mot sola på 1 bytomfotsteg slik at ho får ryggen i danseretninga. På same tid tek dei samdanstak 1. Så svingar dei attende og vidare rundt med sola på 7 steg. Ringen sviv mot sola. Dei stoggar vende mot kvarandre og slik at guten har ryggen mot sentrum i ringen.

Takt 9-10

## Hels og klapp, klapp, klapp

Guten legg armane i kross over brystet og bukkar, jenta held stakken ut til sida med begge hendene og neiar. Ho set v. foten bak H når ho neiar og flytter han så inntil H att. Så klappar dei 3 gonger i hendene.

Tak opp att:

Takt 11-12

## Hels og klapp, klapp, klapp.



*Dei hyttar til kvarandre med peikefingeren.*

*Takt 13-14*

**H. klapp, egne klapp, v. klapp, egne klapp**

Gut og jente lyfter h. handa og slår h. handflatene mot kvarandre. Så klappar dei i egne hender. Dei lyfter v. handa og slår v. handflatene mot kvarandre, og så klappar dei i egne hender.

*Takt 15-16*

**Snu rundt mot v. og trø 3 appellar**

Dei snur rundt ein heil gong mot venstre på V fotblad og set H foten innåt. Så legg guten armane i kross over brystet, jenta tek i stakken med begge hendene, og dei trør 3 appellar på staden.

Tak opp att:

*Takt 9-10*

**Hels og klapp, klapp, klapp**

*Takt 11-12*

**Hels og klapp, klapp, klapp**

*Takt 13-14*

**Hytt med h. hand, hytt med v. hand**

No hyttar dei til kvarandre med peikefingeren, fyrst med h., så med v. Dei held hoftefeste med ledig hand.

*Takt 15-16*

**Snu rundt mot v. og trø 3 appellar**

Dei klappar i hendene, snur ein heil gong rundt mot v. på V fotblad, set H foten innåt og trør 3 appellar på staden.

Når dansen tek til på nytt, skal ein byta partner. Guten tek fyrste steget om lag på staden og jenta dansar fram til guten framfor seg på fyrste steget. Slik byter ein partner kvar gong dansen tek til på nytt.